

Innkalling til møte i Gulen kommunestyre 19. oktober.

SAKLISTE

- SKRIV OG MELDINGAR
- DELEGASJONSSAKER
- BEREDSKAPSPLAN FOR GULEN KOMMUNE. REVISJON 2017
- FORLENGING AV PLANPERIODE FOR KOMMUNAL PLAN FOR IDRETT OG FYSISK AKTIVITET 2014-2017
- PROSJEKTMANDAT FOR Å VURDERE SAMARBEID MELLOM NAV MASFJORDEN OG NAV GULEN
- SØKNAD OM TILSKOT OG OPPTAK I DET NASJONALE VELFERDSTEKNOLOGIPROGRAMMET 2017-2020
- VAL AV NYTT VARAMEDLEM TIL KONTROLLUTVALET
- DRIFTSRAPPORT ETTER 2. TERTIAL 2017
- OPPDATERING AV NYLEG REVIDERT FINANS- OG GJELDSREGLEMENT
- GODKJENNING AV REVIDERT PLANPROGRAM FOR RULLERING AV AREALDELEN I KOMMUNEPLAN FOR GULEN

Stad og tid: Gulasalen, kommunehuset i Eivindvik kl. 10.00.

Sakstilfanget ligg til gjennomsyn i ekspedisjonen, og på internett: www.gulen.kommune.no
Nye saker kan kome til. Møte er ope for publikum.

Alle er velkomne.

Hallvard Oppedal
Ordfører

Befolkningsvarsling

I Gulen kommune opplever me frå tid til annan at deler av kommunen får totalt teleutfall. I situasjonar der fasttelefon, mobilsamband og fiber/nett er ute, er det viktig at de som innbyggjarar kjenner til at det finst alternativ dersom de skulle vere i ein situasjon der liv og helse står i fare og de treng hjelp.

I slike situasjonar vil det som oftast framleis vere mogleg å bruke naudnett. Naudnett er eit lukka beredskapsnett for politi, brannvesen, helsetenesta og andre aktørar med eit naud- og beredskapsansvar.

I Gulen kommune har desse personane tilgang til naudnettapparat:

- Mannskap i brann- og redningsetaten
- Legane
- Ordfører, rådmann og assisterande rådmann

I tillegg er det stasjonert eit naudnettapparat på kvart bu- og omsorgssenter (i Eivindvik på Gulen sjukeheim).

Ved krisehendingar vil kommunen informere på heimesida

www.gulen.kommune.no og i særskilte tilfelle gjennom SMS-varsling.

Rullering av handlingsprogrammet i Kommunal plan for idrett og fysisk aktivitet 2014-2017

Den kommunale idrettsplanen er under revisjon, men det syner seg at for å overhalde alle krav og fristar så må me be om å få planperioden forlenga. Dette betyr at me må foreta ei rullering av Handlingsprogrammet no i haust. Rullering av planen vil bli teken opp i kommunestyret sitt møte i desember.

Vi opnar difor opp for ny runde med innspel til rullering, desse må sendast til Gulen Kommune innan 23. november.

Dei innspela som er kommen inn i samband med revisjonen blir tekne med vidare, og treng ikkje meldast inn på nytt.

Tiltak ein ynskjer søkje spelemidlar til må ligge i Handlingsprogrammet for Kommunal plan for idrett og fysisk aktivitet.

Skal du søkje om spelemidlar 2018?

Søknadsportalen opna 1. oktober. Søknaden må vere kommunen i hende innan 1.november.

Spørsmål kan rettast til kulturkonsulent Vivian Våge på telefon 57782066 eller på e-post vivian.vage@gulen.kommune.no.

Dagsturhytte

Sogn og Fjordane fylkeskommune har teke initiativ til å få byggje dagsturhytter i alle kommunane i fylket. Hyttene vert lagt til turmål som kommunane vel ut, på fjell og ved sjø, i høveleg dagsturavstand frå køyreveg. Målet er å leggje til rette for auka friluftaktivitet og dermed bidra til betre folkehelse.

Hyttene blir finansierte mellom anna ved spelemidlar og støtte frå Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane. I alle hyttene skal det vere eit lite bibliotek.



(Illustrasjon: Rojo arkitekter)

Dette er eit sprekt prosjekt! Her får me fleire folk ut i naturen på ein måte som er smart tilrettelagt, interessant, barnevenleg, som aukar tryggleiken, og som gir fylket eit flott fortrinn med omsyn til turisme.

Hytta har mange gode løysingar både ute og inne, og me trur det blir ei spanande hytte å besøka både for store og små.

Det er fleire overbygde sitjeplassar rundt hytta, og hytta skal fungera som ein sosial

møteplass i naturen. Ho passar inn i ulike naturmiljø, både ved sjøen, i høgfjellet og på veg til toppen.

Eit av kriteria for tildeling er at hytta skal ligge i nærleiken av kommunesenteret. Hytta vert plassert i Eivindvikområdet i samråd med lokale lag og organisasjonar.

Nye telefonnummer på tannklinikken

Tannklinikken på kommunehuset har fått nye telefonnummer.

Tannklinikken:	57636890
Tannlege:	57636891
Tannpleier:	57636892
Tannhelsesekretær:	57636893

Presisering av ny Forskrift for vass- og avløpsgebyr

Gulen kommune vil presisere at den nye forskrifta for vass- og avløpsgebyr som vart innført 01.07.17 ikkje krev at bustad og fritidsbustad skal montere vassmålar.

Det er berre eit krav at næringseiningar skal betale gebyr etter faktisk målt forbruk. Det vil sei at det berre er krav at nærings-einingane har montert vassmålar

Nytt kap. 9A i opplæringslova: Retten til eit trygt og godt skulemiljø



Biletet over er henta frå nettsida nullmobbing.no. Der får alle informasjon og rettleiing om rettar ein har som føresette, barn og ungdom i barnehage og skule.

Skulane har informert om dei nye reglane, men sjå innom nettsida www.nullmobbing.no. Der vil du finne gode råd og rettleiingar.

Eigedomsskatt - fritaksordning

Kommunen er no inne i sluttfasen i høve synfaring i samband med retaksering av eigedomar.

Me vil minne om at kommunen har fylgjande fritaksordning etter § 7 c) i eigedomsskattelova: Bygning som heilt eller i nokon mon vert nytta til husvære (heilårsbustad), og som er/blir oppført eller rehabilitert etter 01.01.1999 til ein kostnad på minst kr 500 000, dokumentert etter faktura. Fritaket gjeld i 10 år frå den tid bygningen er/vart ferdig/rehabilitert.

Ordninga vert fastsett år for år i samband med komande budsjett. Søknad om fritak skal sendast Gulen kommune, Eivindvikvegen 1119, 5966 Eivindvik eller på e-post til postmottak@gulen.kommune.no.

Ny dagleg leiar i GMU

Eg heiter Ragnhild Undertun, og tok til som dagleg leiar i Gulen og Masfjorden Utvikling AS 1. juli. Eg kjem frå Eivindvik, men har stort sett halde til i Bergen dei siste 20 åra. Der har eg jobba med finansiering både av bedrifter og privatpersonar, og siste åra investeringar i Nordea med kontoransvar frå Austevoll i sør til Florø i nord. – Kanskje nokon endå til hugsar meg frå tida i Sparebanken Sogn og Fjordane her heime?

Gulen og Masfjorden Utvikling er førstelinetenesta til kommunane når det gjeld næringsarbeid, men korleis kan dette skje i praksis?

Gulen og Masfjorden Utvikling AS kan hjelpe deg med mykje forskjellig.

- GMU tilbyr hjelp til etablering av selskap, søknad om støtte fra næringsfond/kraftfond mm, hjelp til utarbeiding av forretningsmodell.
- GMU kan gjennomføre marknadsundersøkingar, og elles ulike tenester innan synleggjering av di verksemd, t.d. innan sal og marknadsføring.
- Har du eit prosjekt som er eit fellestiltak for regionen? Eller idè om eit prosjekt som burde vore sett i gong? GMU kan vere pådrivar og

koordinator, og etter avtale, prosjektleiar.

Gulen og Masfjorden Utvikling as er å finne i same kontor som tidlegare, (i 2. høgda på Vidsyn). Døra mi er alltid open, så treng du ein sparringpartnar til idèen din, søknadshjelp til offentlege støtteordningar, eller hjelp til å stifte selskap, så er det berre å stikke innom.

Kontaktinformasjon:
Ragnhild Undertun, tlf 901 42 025,
ragnhild@gmu.no

Følg oss gjerne på Facebook;
<https://www.facebook.com/gmutvikling>
Heimeside: www.gmu.no



**Gulen og Masfjorden
barnevernteneste**

Med barn i fokus

Kva er det barneverntenesta arbeidar med?

- Bidra til at barn får trygge oppvekstvilkår
- Sikre at barn og unge som lever under forhold som kan skade deira helse og utvikling, får naudsynt hjelp og omsorg til rett tid
- Ha barnet sitt beste i fokus

Kven kan nytte seg av tenesta?

Alle kan kontakte barnevernet for å få råd og rettleiing i forbindelse med barn i alderen 0-18 år. Barn kan også sjølv ta kontakt.

Offentlig tilsette og helsepersonell har meldeplikt til barnevernet ved mistanke om omsorgssvikt. Private kan også melde frå ved bekymring for eit barn sine levekår.

Er du usikker på om du bør melde ei bekymring til barneverntenesta, så ta gjerne ein telefon for å drøfte dette anonymt med oss.

Det er også mogleg å komme til vårt kontor for å diskutere din eigen situasjon, eller drøfte ei eventuell bekymringsmelding.

Barneverntenesta held til på Hosteland, i Fensfjordvegen 621.

Tilsette:

Jane Hesjedal, leiar
Kristin Midtgård, barnevernkonsulent
Ann Helen Engesæter, barnevernkonsulent
Anne Marit Oppedal, barnevernkonsulent
Ina Austgulen, barnevernkonsulent

Telefon (mellom 08:00-15:30): 57782060
Etter kontortid kan du ringe **116 111** -
Alarmtelefonen for barn og unge.

Minnegåver gjeve til Gulen sjukeheim

Dementavdelinga takkar for minnegåve gjeve ved Lilly Elnes si gravferd.

Langtidsavdelinga takkar for minnegåve gjeve ved Brigit Nerdal si gravferd.

Rehab/kreftomsorga takkar for minnegåve gjeve ved Gudrun Halsvik si gravferd.

Hjarteleg takk til alle!

Med venleg helsing Gulen sjukeheim v/ avdelingssjukepleiarane Synnøve, Sissel og Joy.

Digital postkasse

Med ei digital postkasse får du som innbyggjar ei sikker løysing for å ta imot og oppbevare viktig post som kjem frå det offentlege, som til dømes brev med vedtak, helseopplysningar eller anna sensitiv informasjon. Det offentlege kan ikkje bruke

vanleg e-post til å sende ut denne typen informasjon.

Du kan velje mellom to postkasser, Digipost eller e-Boks. Meir informasjon om dei ulike alternativa finn du her:

<https://www.norge.no/nb/velg-digital-postkasse>.

Med digital postkasse får du varsel på SMS eller e-post når du har mottatt eit nytt brev, og du kan lagre posten så lenge du ynskjer.

Er du rask og fiksar dette før 31. desember 2017 er du med på trekninga av 10 gåvekort á 1000 kr.

Gulatingsprisen 2017 og frist for innspel



Den aller første Gulatingsprisen vart delt ut 11.12.2008.

Også i år ynskjer Gulen kommune å få forslag til kandidatar til Gulatingsprisen. Føremålet med prisen er i følgje statuttane å:

"Gje honnør til lag, verksemdar, institusjonar eller einskildpersonar som siste året eller over lengre tid har gjort ein ekstra innsats for å utvikla næringslivet og eller lokalmiljøet i Gulen, enten gjennom eiga verksemd og/eller ved å leggje tilhøva til rette for andre".

Kven meiner du fortener Gulatingsprisen? Grunngevrne forslag sender du til Gulen Kommune, Eivindvikvegen 1119, 5966 Eivindvik eller på e-post til postmottak@gulen.kommune.no.

Frist for innspel er fredag 10.11.2017

Formannskapet vurderer kandidatar og tildeler prisen.

Oppmoding om kortbetaling hos legetenesta

Det er no slutt på at banken i Eivindvik har kontantar. Legekontoret oppmodar difor pasientar til å betale med kort.